

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 06.04.2016

SAKSHANDSAMAR: Kst. administrerande direktør Ola Rye

SAKA GJELD: Styringsdokument 2016 for Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK:

STYRESAK: 015/15

STYREMØTE: 13.04.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering og ber administrasjonen fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet.

Administrasjonen vert bedne om å rapportere på Styringsdokument 2016 for Sjukehusapoteka Vest HF i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF.

Oppsummering

Styringsdokument 2016 for Sjukehuspoteika Vest HF blei vedteke av føretaksmøte i Sjukehuspoteika Vest HF 1. mars 2016.

I Styringsdokument 2016 har Helse Vest gjeve Sjukhusapoteka Vest HF økonomiske, organisatoriske og rapporteringsmessige krav, samt oppgåver som skal støtte opp om verksemda sine overordna mål for 2016. Styringsdokumentet gjev ikkje dei samla krava til Sjukehuspoteika Vest men dokumentet utfyller og konkretiserer oppgåver som det skal leggjast vekt på, og som skal prioriterast i 2016.

Tidligare stypesak (sak 06/16) om risikostyringsmål viser fokusområder for Sjukehuspoteika Vest i 2016 for å sikre leveranse i høve til styringskrava. Ut over dette vil oppgåver gjevne i styringsdokumentet verte speglar i strategi og planarbeidet i Sjukehuspoteika Vest i 2016.

Kommentarar

Sjukehuspoteika Vest fekk overlevert Styringsdokument 2016 i føretaksmøte 1. mars 2016.

Gjennom styringsdokumentet gjev Helse Vest RHF Sjukehuspoteika Vest HF eit mest mogeleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2016. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissar og rammar som gjeld for verksemda og inneheld resultatkrava som blir stilte til helseføretaket.

Mål og rapporteringskrav gitt til Sjukehuspoteika Vest i Styringsdokument 2016 er avgrensa til dei områda Helse Vest ønskjer å ha særskild fokus på i år. Mål og rapporteringskrav i Styringsdokument 2016 må difor sjåast i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta sett i lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementets (HOD) Oppdragsdokument for 2016 til Helse Vest RHF, styringskrav frå HOD formidla i føretaksmøte i Helse Vest RHF og helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 12. januar 2016. Helse Vest RHF legg til grunn at helseføretaka er kjend med og har sett seg inn i desse dokumenta. Sjukehuspoteika Vest sine vedtekter, tidligare styringskrav frå Helse Vest, Helse 2020 og strategiplan for Sjukehuspoteika Vest må og ligge til grunn for dei samla krava til Sjukehuspoteika Vest.

Helse Vest vil innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande overordna mål i 2016:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Helse Vest ber Sjukehuspoteika Vest om å gjere seg kjent med desse punkta i oppdragsdokumentet for 2016, og støtte opp under arbeidet i føretaksgruppa for å nå desse måla der Sjukehuspoteika Vest skal vere ein strategisk partnar og levere legemiddel og farmasifaglege tenester til sjukehusføretaka.

Styringsdokument 2016 gjev, utover økonomiske, organisatoriske og rapporteringsmessige krav, oppgåver for Sjukehuspoteika Vest som skal støtte opp under å nå dei overordna måla.

- Støtte opp under og bidra i sjukehuføretaka sitt arbeid med å betre kvalitet og pasienttryggleik, og bidra med ein fast representant i det regionale arbeidet i Program for pasienttryggleik.
- Dei tiltakspakkane og målingane i det nasjonale og det regionale pasienttryggleiksprogrammet som er aktuelle for Sjukehuspoteika Vest, skal inngå som ein del av den ordinære aktiviteten ved Sjukehuspoteika Vest og resultata skal følgjast opp i leiingslinja og bli brukt i forbetringsarbeid i Sjukehuspoteika Vest.
- Integrere systematisk kvalitetsforbetringsarbeid i verksemda og prioritere dette på lik linje med andre hovudoppgåver og som ein del av den daglege verksemda.
- Halde seg oppdatert om, og sette i verk avgjerder som er tekne når det gjeld system for innføring av nye metodar.
- Aktivt bruke avtalar forhandla fram av LIS1 og tilrådingar frå LIS, for å redusere medikamentkostnadar.
- Delta i arbeidet med e-Resept og informasjon til bruk i kjernejournal, mellom anna i satsinga i regi av Program for pasienttryggleik.
- Bidra til auke i del av pasientar som får gjennomført samstemming av legemiddellister i samsvar med tiltakspakke i nasjonalt og regionalt pasienttryggleiksprogram.
- Bidra i arbeidet med gode rutinar, effektiv flyt og god styring i legemiddelkjeda frå ende til ende (frå grossist via sjukehuspoteik til sjukehupost).
- Vidareutvikle system for styringsdata og for måling av kvalitets- og servicenivå.
- Medverke til gode rutinar for handtering av legemiddel, gi god opplæring og gi god informasjon til pasientar/pårørande.
- Offentleggjere resultat frå brukarundersøkingar på nettsidene til Sjukehuspoteika Vest HF, og aktivt følge opp resultata.
- Samarbeide med sjukehuføretaka om tilbod om lærings- og meistringstilbod på legemiddelområdet.
- Støtte opp under etablering av eit antibiotikastyringsprogram i sjukehus, i tråd med Helse- og omsorgsdepartementet sin handlingsplan mot antibiotikaresistens. Arbeidet vil bli leia av Helse Bergen.
- Bidra til at det fortlaufande blir utarbeida ein oversikt over bruk av dei mest kostbare medikamenta i regionen.

Tidligare stypesak (sak 06/16) om risikostyringsmål viser fokusområder for Sjukehuspoteika Vest i 2016 for å sikre leveranse i høve til styringskrava. Ut over dette vil styringskrav og oppgåver gjevne i styringsdokumentet verte spegla i strategi og planarbeidet i Sjukehuspoteika Vest i 2016.

Konklusjon

Helse Vest gjev tydelege og ambisiøse styringskrav og oppgåver til Sjukehuspoteika Vest i 2016. Krava vil utfordre føretaket både i høve til faglig og administrativ kompetanse og kapasitet, og som vil gjere det naudsynt å prioritere ressursar inn mot prioriterte oppgåver i 2016.

¹ Legemiddelinnekjøpssamarbeidet

Vedlegg

1. Vedteke Styringsdokument 2016 for Sjukehushapoteka Vest HF
2. Protokoll frå føretaksmøte Sjukehushapoteka Vest HF 1.3 2016
3. Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 12.01.2016 (førebels versjon)
4. Helse- og omsorgsministerens tale til sjukehusa 12.01.2016